

## KVINNER I LANDBRUKET

# Gav opp som bonde

**Berit Moen Sand sa stopp etter ti års drift**

Optimismen vart snudd til frustrasjon – livet som bonde og småbarnsmor vart for tøft.

**ANITA VINGEN**  
anita.vingen@r-b.no

**MOEN I FRÆNA:** I 1997 tok Berit Moen Sand (37) over garden på Moen i Fræna; starta frå botnen av med innkjøp av dyr og utstyr, og sette igang.


**Satsa.** – Eg var ganske optimistisk og hadde tru på dette. Planen var at eg skulle drive garden, og at mannen min Lars Jørgen skulle ha jobb utanom garden, fortel Moen Sand.

Ho bygde opp drifta til ho hadde om lag 25 mjølkekryr, og stod på «døgnet rundt» for å halde alle hjul på garden i gang.

Men som kvinneleg bonde og småbarnsmor fekk ho erfare at livet på landet slett ikkje var berre idyll: Sjukdom, svangerskap, barnedofslar og barselperiode vart særdeles vanskeleg å kombinere med gardsdrifta.

**Avløysarproblem.** – Eg opplevde velvilje og å bli teken godt i mot som kvinneleg bonde. Problemet oppsto da eg skulle ha barn, og vart sjuk. Når ein ikkje kan stille opp og sjølv ta føyen, treng ein avløysar. Det viste seg vanskeleg, for ikkje seie uråd. Å ligge på sjukhuset og bli oppringt om at ingen avløysar finst, er fortvilande – dyra må jo ha sitt unsett! Ein periode tok mannen min ulønt permisjon for å stelle garden. Heldigvis hadde eg familie og naboor som stilte opp, det er ein avhengig av, seier Moen Sand.

**«Traktorbarn».** – Eg var nøydd å ta småungane med på jobb fordi eg mangla børnepass og det ikkje fant avløysar. Då var det barnevogn på mjølkerommet, barnesete i trakto-



**Krevjande:** Behovet for store investeringar i fornying av driftsbygg var mellom årsakene til at Berit Moen Sand bestemte seg for å slutt som bonde.

FOTO: KJELL LANGMYREN

ren og beremeis i fjøset. Med tanke på at eit gard faktisk er ein potensielt farleg arbeidsplass, vart det ikkje noko særleg. Då eg så fekk ein krossisksjukdom, samstundessom det vart klart at driftsbrygningen her måtte oppgraderast for å redusere millionar kroner, kom tanken om å slutt, fortel ho.

Og då naboen ønska hennar mjølkekvote, areal og ein del dyr inn i eit sambruk, bestemte ho seg etter ti år som bonde for å avslutte eiga drift av garden.

– Eg var skuffa, men også lett.

Lett over å kome ut av det, ut av vanskeleg økonomi, eincansvar for dyr og drift – og ikkje å ha ein einaste fridag i sikte, seier Moen Sand.

**Villkår.** Ho trur ikkje det er sannsynleg at landbruket i større grad vil trekke til seg kvinner.

– Eg trur ein del gjerne kunne tenke seg yrket, men dagens villkår for å vere både småbarnsmor og bonde er ikkje godenok, meiner ho.

Sjølv har ho no funne ei ordning ho er godt fornøgd med – ho jobbar deltid på sambruket hennar eigen

## KVINNELEGE BØNDER

- Talet på kvinnelege gardbrukarar i fylket har gått opp frå 8,6 prosent i 1989 til 15,3 prosent i 2011.
- Det er fleire kvinnelege brukarar på dei mindre gardane enn på dei store.
- I samband med eigedomsoverdragningar av gardsbruk i fylket var det i 2010 om lag 40 prosent kvinner som tok over garden. Dette talet har vore stabilt over tid, og er på same nivå som i resten av landet.

Kjelde: Møre og Romsdal fylkes Landbruksmelding for 2012

gard inngåri.

– Dette er eit godt konsept: Delt ansvar, og eit fleksibelt opplegg der ein stiller opp for kvarandre om det

er sjukdom eller andre ting som står på. Og dere fin til og med kan feriere!

## – Utfordrande, men viktig

**Vanskeleg økonomi, mindre gode ordningar ved graviditet, fødsel og sjukdom, og lite fritid.**

**ANITA VINGEN**  
anita.vingen@r-b.no

Dette er viktige faktorar når kvinner vurderer om dei skal bli bønder, viser ei undersøking Bioforsk i haust gjorde på oppdrag av Møre og Romsdal bondelag.

12 kvinnelege bønder frå heile fylket var spørde for å få innblikk i deira erfaringar, og tankar om årsa-

ka til at så få kvinner vert bønder. – Dei spurde meir om at den største utfordringa er dårleg økonomi, seier Rose Bergsli, bonde og rådgjevar ved Bioforsk, som laga undersøkinga.

**Dugnad.** Homeiner at utvalet er representativt, sjølv om det er avgrensaa.

– Generelt er det få kvinner som tek over og driv. Dei som gjer det, veit kva dei går til; dei er som regel oppvaksne på garden og er godt kjende med kva som må til. Å drive gard er ein stor dugnad, særleg når

det er snakk om å få barn. Ofte stiller besteforeldre opp, det er uråd å få kabalen til å gå opp utan nettverk, seier Bergsli.

**Utfordringar.** Undersøkinga viser at utfordringane for kvinnelege bønder ofte gjeld mangelfulle ordningar rundt graviditet og fødsel, vanskår med avløysar, og i forhold til ferie og fritid.

**Viktig.** – Men ingen av dei spurde i undersøkinga kjerner seg diskriminerte som kvinneleg bønder, det er jo positivt, seier Bergsli.

Og håper at det også i framtid vil vere kvinnelege bønder.

– Det er kjempeviktig! Om dameforevinn frå landbruket og frå bygdene, då vert det stussleg! I alle yrke er det behov for begge kjønn, menn og kvinner utfyller kvarandre. Kvinner gjer ein stor jobb i landbruket, og det bør leggast til rette så enda fleire kvinner vil satsa som bønder, seier Bergsli.

Ho presenterer undersøkinga under seminaret «Kvinnebønder og bondekvinner» i Molde mandag



**Spurde:** Rose Bergsli ved Bioforsk gjennomførte undersøkinga.

FOTO: PRIVAT